

KORLEIS TA KONTAKT?

Ansvarleg lege sender skriftleg tilvising med utfylt symptomregistreringsskjema (ESAS).

Er dette tilbodet aktuelt for deg må du kontakte ansvarleg lege for å verte tilvist.

Pasientansvarleg lege eller sjukepleiar kan ta direkte kontakt med teamet for rådføring/drøfting av aktuelle problemstillingar.

Vi er tilgjengelege mandag - fredag mellom klokka 08.00 og 15.30.

Tilsette i Palliativt Team, Ålesund sjukehus

Kari Stavseng - Kreftsjukepleiar / Vegleiar
Kari Myklebust - Kreftsjukepleiar
Liv Ipsen - Palliativ sjukepleiar


Jorunn Brekke Fjeldheim - Leiar, Allmennlege med vidareutdanning i palliasjon
Terje Takle - Anestesilege
Per Jacob Desserud - Anestesilege

Cecilie Digernes Klokk - Sosionom
Anne Martha Langlo - Fysioterapeut
Anna Dalaker - Prest



PALLIATIVT TEAM ÅLESUND SJUKEHUS

PASIENTINFORMASJON



PALLIATIVT TEAM

er ei tverrfagleg samansett gruppe som kan gi råd og vegleiing innan lindrande behandling.

Vi arbeider med pasientar som har uheldbredeleg kreftsjukdom med symptom og plager som er vanskeleg å lindre.

Teamet er samansett av legar med spesiell kompetanse i anestesi (smertebehandling), onkologi (kreftbehandling) og palliasjon (lindrande behandling).

Sjukepleiarar med vidareutdanning i kreftsjukepleie.

Fysioterapeut.

Prest.

Sosionom.

MÅLET MED PALLIATIV BEHANDLING

- er at pasient og pårørende opplever best muleg livskvalitet.
- at pasienten opplever ei samanhengande behandlingsskjede

Dette kan ein oppnå ved

- forebygging og lindring av fysiske, psykiske, sosiale og åndelege/eksistensielle vanskar
- tverrfagleg tilnærming
- å spreie kompetanse om lindrande behandling og pleie
- nært samarbeid med primærhelsetenesten
- gi støtte til pasienten sin familie og pårørende
- legge til rette for at pasienten kan vere heime så lenge som muleg i livets slutfase

KVA TILBYR VI?

Polikliniske konsultasjonar

Vurderingsbesøk heime eller på sjukeheim/ sjukehusavdelingar saman med ansvarleg lege/sjukepleiar

Hjelp til koordinering og tilrettelegging ved utskriving frå sjukehus

Rådgeving, vegleiing og undervisning til helsepersonell.

Innlegging i palliativ seng for eit avgrensa opphold, utgreiing og behandling av konkrete palliative problemstillingar.

